

Reportasje: K. J. Vatne og Bj. Skarbøvik (foto)

Våren 1942 spreidde dei tyske oppreinskingane i Telavåg og Bulandet seg lenger nordover til Måløy-distriktet, der øya Silda stod sterkt i brennpunktet.

Ei heil rad personar både i Måløy og på Silda vart arrestert, og dei fleste sende til Tyskland. Tre av dei impliserte kom seg unna i siste liten. Etter nokre veker i dekning på fastlandet fann desse tre ut at dei kunne vere tryggast og ha det best i sine eigne heimar på Silda, og dit reiste dei. Under resten av krigen, i nær på tre år, budd dei heime, utan at andre enn deira aller næraste og einskilde motstandsfolk visste om det.

## Mons Silden var leiar for det illegale arbeidet på Silda.

Kva var det som gjekk føre seg her på Silda og i distriktet omkring som førte til oppreinskingane?

Det første som skjedde var at vi transporterte og gøymde offiserar og agentar, som var på veg til eller frå England. Gutane mine var mellom anna ein tur til Bryggja og henta sju offiserar og førte del til Bremanger.

Så dukka agentane opp etter kvart ute hos oss. Den første var ein norsk kaptein som meinte at det ville vere ideelt å ta imot ammunisjon og våpen her på Silda. Dette var vinteren 1942, og om våren kom ammunisjonen. Det var avtalen at båten frå England skulle kome inn til Sildegapet, og så skulle vi borde

## Gøymde seg heime på Silda i 3 år-

### Tyskarane på razzia kvar veke!

Mons Silden visste ikkje at han var ettersøkt og gjekk i land rett forbi vaktene

Artikkel i Sunnmørsposten 197?

I gjennomsnitt kvar åttande dag hadde tyskarane razzia på Silda, og det var reint som eit under at dei tre ikkje vart tekne. Det var år under eit konstant nervepress, og med vona om snarleg invasjon som einaste lyspunkt. Dei tre som heldt seg i skjul var hovudmannen på Silda, Mons Silden, Isak Silden som døydde for nokre år sidan, og Ivar Sætren.

Både bakgrunnen for hendingane på Silda, flukta til dei tre karane og opphaldet deira på Silda i tre år, er full av dramatik. Vi har snakka med nokre av hovudpersonane og skal gjer ein freistnad på å rekonstruere nokre av hendingane.

han ein stad der ute. Vi var ute i fleire netter, men såg ingen ting til båten. Vi fekk seinare høyre at han hadde vore på veg inn, men hadde sett lyset frå lysbøya Gamla, og hadde trudd at det var ein tysk båt på veg ut. Båten kom att seinare men tok då feil av vegen og hamna inne i Vetvika på Bremangerøya.. Der lossa dei ammunisjonen. Vi fekk melding om kor vi kunne finne han og tok han inn til Silda. Det dreidde seg om 360 kasser ammunisjon.

## AMMUNISJON UNDER SJØBUA

Første staden ammunisjonen vart gøymd var under sjøbugolvet til Mons Silden, midt i hamna på Silda og kloss i kaia. Der låg dei om nettene, Mons Silden, gutane hans og nokre slektningar, og grov ut.

Vi ville ikkje ha med andre enn skyldfolk som vi visste vi kunne stole på. Men for den del kunne vi trygt ha teke med kven som helst her ute. Vi var spart for nazistar på Silda, seier Mons.

Då meldingane kom om det som hadde skjedd i Telavåg og på Bulandet forstod dei at dei måtte leite seg sikrere gøymeplassar for ammunisjonen.

Halvparten vart teke til ein avsides stad inne i Nordfjorden, medan resten vart gøymd i ei fjellsprekk på nordsida av Silda.




\*I denne hola, på nordsida av Silda, var det ammunisjonen vart gøymd etter at den måtte flyttast frå sjubua inne på sjølve hamna. i opninga Ivar Sætren.

## FEKK PASS AV TYSKARANE

For å kunne gå til Nordfjord med ammunisjonen måtte dei først få pass av tyskarane i Måløy. Dei rusta seg ut med snurpenot, og sa dei skulle gå etter småsei.-Nei, gå heller etter laksen - rådde tyskarane, slikka seg om munnen og skreiv ut passet. Dei skulle ha visst om kva godbitar som skjulte seg i lasterommet!

Det var medan dei venta på passet at dei fekk det første varselet om at noko var i gjære. Nest eldste guten til Mons vart tilsnakka av ein mann som gjekk for å vere nazist og angivar: - No må De passe Dykk! sa mannen, og ville ikkje ut med kva han sikta til.



\* Mons Silden, som var hovudmannen bak det illegale arbeidet på Silda. Sjølv unngjekk han å bli arrestert som ved eit un- der, og heidt seg skjult heime i tre lange år.

## DET RAKNAR

Dei skulle ikkje vere i uvissa lenge. Ei tid seinare, 8. juni 1942, skjedde det.

Det var arrestasjonar i Vetvika, som var ein sentral stad for transport av offiserar og agentar til og frå England, i Måløy der fleire av hovudfolka bak del illegale operasjonane i distriktet heldt til, og på Silda. Mellom anna vart tre av gutane til Mons Silden arresterte og sende til Tyskland, like eins Peder Sætren, svoger til Mons, og Marius Silden halvbror hans.

Historia om korleis Mons Silden kom seg unna og i dekning er ikkje mindre fantastisk.

**Mons Silden fortel:** «Eg skulle til Ålesund og treffe ein kar som kom frå Oslo. Det var først meininga at eg skulle reise landvegen om Nordfjordeid og så ta hurtigruta heimatt, men eg ombestemte meg like før eg skulle reise, og tok motsett veg. Dette var lukka mi. Eg visste ikkje noko om det som hadde gått føre seg då eg steig i land frå båten i Måløy. Eg var første mann over landgangen, og såg tyskarane strøyme om bord like etter. Eg forstod at dei var ute etter nokon, men ante ikkje at det var meg! Hadde eg det visst hadde eg truleg gjort freistnad på å kome meg unna, og ville ha vore ferdig.

I Måløy skulle eg ta kontakt med tannlege Ragnar Solheim, og ein annan av hovudmennene i Måløy, Sverre Skipenes, var mellom dei arresterte. Tyskarane hadde vidare reist utover til Silda, kva som hadde skjedd der ute kunne eg berre gisse på. Det var tydeleg at dei visste kva dei var ute etter.

Eg gjekk vegen heilt til Raudeberg. Brått kom det bak meg ein tyskar med maskingevær på motorsykkelen. Det var ikkje snakk om å kome seg unna, og eg rekna med at eg var ferdig. Men tyskarane var meir interessert i eit fylgje på fire – fem ungdomar som kom langs vegen og som truleg hadde vore på fest i Nordfjord. Meg såg han ikkje på ein gong!»

Mons Silden tok inn hos ein svoger på Raudeberg, og fekk seinare følgje med ein motorbåt som gjekk med lesarborn inn til Rundaheim. Der vart han liggjande i dekning i seks veker, til det tok til å roe seg. Han hadde for det meste tilhald oppe i ura, og to av døtrene hans som budde i nærleiken sytte for mat til han.

## HEIM ATT

Ei natt fekk han folk til å sette seg over til Silda, og budde under resten av krigen heime. Der budde elles berre kona og den yngste sonen som var 14 år den gongen, og yngste dottera, som var tre år eldre. Tre av gutane var tekne og sende til Tyskland, ein fjerde var reist til England, og resten av dei elleve borna var gifte og budde andre stader. Ei av døtrene hadde telefonsentralen på Silda, og visste om når noko var i emning inne i Måløy. Utanom den næraste familien var det berre eit fåtal som visste om at Mons var komen heim. Mellom dei som visste det var lensmann Mollestad i Selje som sytte for reservedelar og batteri til radioen, som Mons hadde under heile krigen!

Korleis kunne De halde Dykk skjult for både sambygdningar og tyskarar i nesten tre år?

Eg var aldri ute av hus utan om natta, og når tyskarane var ventande. Eg hadde tilhald oppe på loftet, og derfrå hadde eg ei luke opp til taket som eg kunne nytte om dei skulle kome overraskande. Dei som visste noko her ute heldt tett med det. Det gjekk lange tider før vi i det heile fekk vite at det var to andre som gøymde seg på øya, og då hadde vi endå kome heim same natta! Noko anna som hjelpte oss var at det var sett ut rykte om at ein båt ei natt hadde vore oppe under Stad og henta oss, og alle trudde difor at vi var komne over til England. Rykta hadde nok også kome til tyskarane, men likevel var dei stadig på rassia på øya.

## GØYMDI SEG I HØYET

Når alarmane gjekk om vinteren tok Mons raskaste vegen til løa, der gøymde han seg i høystålet. Det hende at tyskarane var berre eit par meter frå han, men dei fann han aldri. Om sommaren, når det var lite høy på løa, måtte han finne seg andre gøymestader. Han heldt seg då i passande fråstand frå huset, og gjekk attende når tyskarane var borte. Under ein storrassia måtte han

så langt ned i fjøra for å finne skjul at sjøane slo over han. Ikkje ein dag eller ei natt kunne dei føle seg trygge, og fleire gonger var det på hekta at Mons vart oppdaga.

Sønene som var i Tyskland hadde Mons og kona brevsamband med kvar fjortande dag, Og gutane fekk tydeleg nok beskjed om kor faren var. Dei kjende att skrifta hans i breva!

Det må ha vore ei påkjenning å halde seg gøymd i tre lange år!

Mest for kona. vil eg meine. Ho var i fleire avhøyr, og måtte gå mellom tyskarane når dei var her på rassia - vite at eg var like i nærleiken. Men ho var einestående!

## SÅ KOM FREDEN!

Korleis opplevde De freden?

Den feira vi med å sette poteter! Vel, eg hadde fylgt godt med i radioen, og alt dagen før kapitulasjonen visste eg kva som ville skje. Frigjeringsdagen kom alle hit og ville høyre radionytt.

Og korleis tok folk det då dei fekk vite at De hadde vore på Silda i årevis?

På slutten var det nok fleire som var informert, men det gjekk rykte om at eg hadde kome i fly frå England og var slept ned i ein møkkadunge! .

Korleis gjekk det med dei som hadde vore i Tyskland?

Alle som anten hadde reist frå Silda eller blitt arrestert og ført bort, kom attende. Vi fekk telegram om at sønene våre skulle kome til Bergen den og den dag, og eg fekk vere med ein ekstrabåt som skulle gå til Bergen Eg gløymer ikkje det gjensynet, seier Mons Silden.

## Låg under stor fjørestein medan tyskarane tråla øya



\*Ivar Sætren var med på ammunisjontransporten, og kom seg unna saman med Isak Silden då arrestasjonane tok til. Dei heldt seg i skjul heime i tre år, og gøymde seg i høystålet eller under ein stor stein i flodmålet på andre sida av øya når det var rassia

## Kolosal nervepåkjenning både for rømlingane og dei som skjulte dei

Isak Silden og eg kom med i ammunisjons-transporten då Mons Silden og sønene hans fekk for mykje å gjere, fortel Iver Sætren.

Til dagleg dreiv Isak og eg med seifiske saman med nokre andre karar i ei leigd fiskeskøyte. Mi eiga skøyte hadde nokre gutar stole tidlegare og drege over til England med. Tidleg på dagen 8. mai 1942 hadde nokre tyskarar vore på Silda og sett opp nokre merke på høgaste punkta, og for å kome opp dit hadde dei klipt over eit gjerde eg hadde sett opp for sauene. Om ettermiddagen var eg oppe for å vøle det, og såg då ei tyskeskøyte kome inn på nordre hamna. Ho la til båten til Mons, som låg ved kaia, og soldatar med automatvåpen gjekk om bord. Det kunne ikkje vere tvil om at noko hadde gått gale, og at dei no var ute etter oss.

Eg skunda meg nedatt og fekk varsla Isak Silden. Vi vart einige om at det ville vere visse dauden å stikke til havs. Det ville vere langt betre å kome seg landfast. Vi sa til dei unggutane vi dreiv sjøen saman med at vi skulle ut og fiske, vi starta maskinen, og gjekk ut like forbi hamna. Då vi køyrde forbi huset til Mons såg vi tyskarane marsjerte på geledd rett mot det, og no kunne det ikkje lenger vere tvil om kva dei var ute etter. Vi ville ikkje blande unggutane opp i sakene, så vi laug til dei at det var sett mykje sild utanfor øya Barmen. Dit inn gjekk vi og la oss til og skifta om å gå opp på haugane og sjå over til Silda. Slik gjekk heile kvelden. Ut på natta såg vi at tyskarane tok ein mindre båt og gjekk nordom Silda, til der ammunisjonen var gøymd.

## RØMDE TIL FJELLS

Det var ikkje lenger grunn for oss til å bli liggjande, så Isak og eg gjekk til fjells frå Barmsund. Der låg vi eit døgn og hadde tenkt oss vidare til Nordfjord.

I vekene som kom flakka dei to rømlingane om, hadde tilhald stundom i fjellet stundom i skogen, og nokre gongar under tak hos folk dei visste dei kunne stole på. Lengste tida heldt dei til i nærleiken av Bryggja der dei budde mykje hos Jørgen Gjesdal Det var veker i stadig angst. Det gjekk så mange rykte. Mellom anna fekk dei høyre at det var gått hardt ut over dei heime -- at fleire var drepne.. Og det gjekk fleire veker før dei fekk gi bod heim om at dei var i live.

Isak og Ivar vart til sist einige om å dra heim til Silda for å vente på okkupasjonen - eller eit høve til å kom seg over til England. Dei kom seg attende til Barmsund, der dei fekk ein fiskar og sonen hans til å ro seg over et mørk natt. Dei rodde nord om Silda, og sette dei opp i ein våg der. Litt over klokka to om natta var dei heime!

## IKKJE FRED Å FÅ

Men det var ikkje mykje fred å få, fortel Ivar. -Alt klokka åtte om morgonen kom dei svina attende til Silda, og eg måtte hovudstups ut i høystålet. Det skulle ikkje bli siste gongen! Dei første to åra var det knapt ei veke dei ikkje var på rassia. Til alt hell hadde det teke til å gå rykte om at vi hadde kome oss over til England --- elles hadde dei vel gått enda grundigare til verks.

Det vart tre år utan ein time på dagen til å slappe av, korkje for rømlingane eller dei andre som budde i huset. Utanom kona hans budde dei to halvsystrene hennar og faren deira i huset, og ingen kunne føle seg trygge om det vart oppdaga at dei husa ein ettersøkt. For Ivar var det ikkje ein gong snakk om å kome nær eit vindaug.

## LÅG UNDER STEIN

Berre på mørkaste natta var det nokolunde trygt å gå utanfor døra. Då hadde Ivar og Isak eit og anna møte for å diskutere stoda. Dei ville freiste å kome seg over til England, men det lukkast ikkje.

Om hausten og vinteren gøymde dei seg i høystålet når dei såg tyskarane kome, om sommaren når det var lite høy måtte dei finne seg ein annan gøymestad. Det fann dei under ein stor flat stein på andre sida av øya, heilt nede i flomålet. Der var så vidt plass til at to vaksne karar kunne kripe under og krølle seg saman. Dei fann ein stor, rund stein, som dei drog etter seg og tetta opninga. Her var det ikkje råd for nokon å finne dei, anten dei no var tyskarar eller sildarar! Under denne steinen måtte dei ligge til det kom bod om at faren var over. Ivar har ikkje tal på kor mange gonger dei to sprang over fjellet til gøymestaden. Dei fraus ofte stygga på seg der dei låg, ofte heile dagen utan å kunne røyve særleg på seg.


## SKJUL BAK VEGGEN

Ivar Sætren hadde og funne seg ein skjulestad i huset sitt, i tilfelle tyskarane skulle kome så brått på at han ikkje rakk å kome seg ut av huset. I andre høgda hadde han kledd inn ein skorstein som han syntest var så stygg, og kledninga var lagt så langt frå muren at ein mann kunne kripe attom. Han måtte då opp på loftet, ta bort eit par bord, og fire seg ned. Han nytta denne skjulestaden ein gong, men ville helst sleppe. Det var så si sak å stå der fastklemd og vite at han ikkje kunne korne seg nokon veg.

Ein gong var vi særs hardt ute, fortel Sætren. - Det kom tre båtar på ein gong, og det så brått at eg ikkje kom meg ut av huset i tide. Tyskarane rykte inn på øya i stor fart, medan den største båten, ein krigsbåt, la seg til litt innfor øya og saumfor ho gjennom kikkert. Eg hadde berre ein ting å gjere - gå ut og late

som ingenting. Eg ga meg til å plukke stein av åkrane, og nærma meg meir og meir der skåra vi gjekk etter for å kome til gøymeplassen.

I mellomtida sette tyskarane ut den eine vaktposten etter den andre på alle haugar. Straks eg følte meg ute av syne, sprang eg alt det eg orka, og kom meg under steinen. Men eg kjende at denne hendinga hadde vorte for mykje for meg. Den daglege, jamne nervepåkjenninga og dette på toppen. Eg vart aldri den same att. Nervane kom oftare og oftare på høgkant.



\*Under denne store, flate Steinen var det Ivar Sætren og Isak Silden gøymde seg når dei måtte rømme huset. Staden ligg ikkje langt frå hola der ammunisjonen vart gøymd. Det såg ikkje slik ut ved denne steinen under krigen som det gjer no. Det låg store rullesteinar opp til den flate hella, slik at der berre var ei trang opning som dei tetta att etter seg med ein stein. Det er storsjøen som har grove bort steinane. Då Ivar var med og synta oss skjulestaden for ei tid sidan var det fyrste gong han var der etter krigen.

## ”Største jafs tyskarane hadde teke i Noreg”

*Ein av kontaktmennen i Måløy, Sverre Skibenes, var mellom dei første som vart arrestert i Måløy. Han fortel om bakgrunnen for det som skjedde i Måløy-distriktet våren 1942:*

Vetvika på Bremanger var eit kontaktpunkt for norske spionar under krigen. Der låg ein gong 8 -10 norske offiserar i telt og venta på ein U-båt som skulle ta dei over til England. Men då det drog ut før ubåten kom måtte dei attende til Sverige. Dagen etter at dei hadde reist kom ubåten, men då var det for seint.

Det var no vi kom inn i biletet som kontakter, og vart mellom anna spurt om vi kunne ta mot noko ammunisjon i Måløydistriktet, som eit beredskapslager.

Her kom karane på Silda inn i biletet, og ammunisjonen vart delt mellom Telavåg, Bulandet og Silda. Då det sprakk i Telavåg og på Bulandet, spreidde det seg vidare nordover. Tyskarane sa sjølve at heile kjeda nordover var det største jafset dei hadde teke.

Nervepåkjenninga og frysinga under steinen førte til slutt til at Ivar Sætren vart sjuk. Han fekk ein armsjukdom som han dreg på den dag i dag -

Utruleg nok vart korkje Ivar eller Isak funne av tyskarane, og kunne kome fram i dagslys att fredsdagen. Mellom anna vart dei heidra av ei stor folkesamling då dei var innom Måløy, like etter freden, med talar, skuleborn med flagg, osb.

Eg ville helst gøyme meg att. Eg vart reint flau, seier Sætren.

## Kva var det. som førte til opprullingane?

Det gjekk så mange rykte. Mest skreiv det seg frå ein norsk spion som vart sett i land i Måløy-distriktet, og som skulle sørover med eit par sendarar. Han drakk seg full på toget ved Otta, blanda seg med tyskarane, og dei oppdaga kva han gjekk med i koffertane. Han vart sett på frifot, men vart skugga, arrestert att, og sett under press. Slik dreiv dei med han i lengre tid, og truleg sprakk han. På eit vis kom han seg til sist over til Sverige og sidan til England.

Skibenes var sjølv eit kvarter for sein til å kome seg unna då arrestasjonane tok til i Måløy. Han vart først send til Bergen og gjekk gjennom tredjegrads avhøyr natt etter natt, og vart sidan, send til Grini og tyske konsentrasjonsleirar.

(Sunnmørsposten 1971 eller 72?-skanna og redigert til A4 format av Paul Sundnes år 2000)